

REGLEMENT FOR
TRAFIKKTRYGGINGSUTVALET

Vedteke av fylkesutvalet i sak U-49/06 A, endra av fylkestinget i sak T-00/11 A

I

Val og samansetjing

- § 1. Trafikktryggingsutvalet (FTU) er oppretta med heimel i vedtak i fylkesutvalet i sak U-49/06 A
- § 2. Trafikktryggingsutvalet skal ha 5 medlemmer. Minst tre av medlemmene bør vere frå samferdselsutvalet. Dei andre skal veljast fritt blant medlemmene i fylkestinget. Kvar medlem skal ha 3 personlege varamedlemmer i rekkefølge. Leiaren i samferdselsutvalet skal vere nestleiar i FTU.

II

Arbeidsområde/mandat

- § 3. FTU skal vere eit tverrfagleg og rådgjevande organ for samferdselsutvalet i arbeidet med trafikktrygging i fylket.
- § 4. I vegtrafikklovas § 40a, står det:
- ”Fylkeskommunen har et ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheten i fylket.” Dette skal mellom anna skje ved at:
- FTU skal ha ein generell uttalerett i alle trafikktryggingsaker i Møre og Romsdal.
 - FTU skal førebu saker til samferdselsutvalet innanfor saksområda trafikktrygging, gang- og sykkelveggar, miljøtiltak, tettstadsprosjekt og 50/50-prosjekt.
 - FTU skal freiste å påverke aktivitetar som gjeld trafikktryggingstiltak frå offentlege instansar, samt søkje å koordinere offentleg og privat verksemd i trafikktryggingsarbeidet.
 - FTU skal leggje fram forslag til handlingsprogram for trafikktrygging kvar fylkestingsperiode. Fylkestinget kan bestemme at handlingsprogrammet skal gjelde for andre periodar enn nemnt over. FTU skal og lage ein årsplan for dei konkrete tiltaka som er tenkt gjennomført i fylket kvart år. Her skal det synleggjerast kven som er ansvarleg for at dei ulike tiltaka vert gjennomførde.
 - FTU skal stimulere og støtte det frivillige trafikktryggingsarbeidet i fylket, og elles ta opp alle saker som kan vere viktige for tryggleiken i trafikken i Møre og Romsdal.

- FTU skal på eige initiativ setje i gang tiltak som tryggar trafikken i fylket, og skaffe eigna samarbeidspartnarar til å gjennomføre tiltaka. Dei skal så langt det er råd delta og støtte opp om dei sentrale kampanjane som mellom anna Statens vegvesen har kvart år.

III

Møte og sekretariat

§ 5. FTU blir innkalla til møte etter behov, og med rimeleg frist. Innkallinga, saman med saksdokumenta, skal sendast faste medlemer og varamedlemer samt helse- og sosialavdelinga, utdanningsavdelinga, regional- og næringsavdelinga, Politimeistrane og Trygg Trafikk. Alle desse er innkalla som konsultative medlemer. I særskilte høve kan FTU også kalle inn andre enn dei som er nemnt her som konsultative medlemer, der det er grunn til å tru at dei kan ha erfaringar og synspunkt som er nyttig i sakshandsaminga. Konsultative medlemer har ikkje stemmerett.

Nemnda skal innkallast når leiaren eller to av medlemene krev det.

§ 6. FTU er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.

§ 7. Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast til medlemer, varamedlemer, fylkesordførar samt konsultative medlemer.

§ 8. Sekretariatfunksjonen for FTU skal liggje til fylkesrådmannen ved samferdselsavdelinga.

§ 9. For å styrkje det lokale og private initiativet i trafikktryggingsarbeidet, skal FTU sørge for at det blir delt ut ein trafikktryggingspris i Møre og Romsdal kvart år. Etter ei vurdering av dei innkomne forslaga, kan FTU vurdere å ikkje dele ut prisen.

Molde, 10.03.11